

Strikke-, skinn- og spinnehelg på Bessheim

Bessheim Fjellstue 17.-19. februar 2023

Vågå Husflidslag, garnprodusenten Naturgull og Bessheim Fjellstue inviterer for femte år på rad til ei triveleg handarbeidshelg. Det blir to forskjellige kurstillbod, samt eit strikkekurs med fem forskjellige stasjonar, såkalla "stasjonskurs". Vi garanterer høg trivselsfaktor og god mat!

The logo for Bessheim, featuring the name in a stylized, cursive black font with a thin underline.

FJELLSTUE & HYTTER

Vel møtt til ei kreativ helg!
Hilsen Vågå Husflidslag,
Ragnhild og Synnøve i Naturgull
og Kari og Bjørn på Bessheim
Fjellstue.

www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13

KURSTILBOD

KARDE- OG SPINNEKURS

Kurs i karding og spinning av ull. Du kan ha med rokk og ull sjølv, eller du kan låne rokk og kjøpe ull. Sei i frå ved påmelding om du har rokk sjølv. Ull kan du kjøpe av Naturgull, som sel både tullar og rå ull. Å lære seg å spinne er temmeleg vanskeleg og mykje øving må til, slik at du kan ikkje rekne med å bli god på ei helg. Men du får ei innføring, slik at du har kunnskap til å fortsetje på eiga hand. Maks 8 deltakarar. Kursavgift kroner 450,- per person.

SKINNKURS - SAU

Her kan du lære å sy sitjeunderlag, pulsvarmarar og hals/skerf i saueskinn. Skinn og utstyr får du kjøpt på staden, dersom du ikkje vil ha med ditt eige. Maks 12 deltakarar. Kursavgift kroner 450,- per person.

STRIKKEKURS

Strikkekurset vil vera arrangert som eit stasjonskurs med fem forskjellige teknikkar. Dei forskjellige strikketeknikkane er kontstrikk, tvebandstrikk og dobbeltstrikk. Hekleteknikkane hakking og pjonning. Fingring av hoseband, samt fletting og tvinning av snorer. Du sjonglerer slik du vil mellom stasjonane. Kursavgift kroner 450,- per person.

Du er også velkomen utan å melde deg på noko kurs, anten heile helga eller på dagbesøk.

Med forbehold om endringer.

PROGRAM

FREDAG 17. FEBRUAR

Middag på Bessheim klokka 19.00. Menyen denne kvelden er bakt skrei, lam frå gardbrukar Mathias Snerle og ein sjokoladetailerken. Etter middagen blir det presentasjon av programmet for helga, arrangørar og deltakarar i peisstugu.

LAURDAG 18. FEBRUAR

Frokost 07.30 – 09.30. Kursstart klokka 10.00. Lunsj klokka 12.30. Menyen er viltgryte og mandelpoteter frå garden Sve i Vågå, samt dessert. Kurs 14.30 – 18.00. Festmiddag laurdag kveld klokka 19.00. Denne kvelden lagar vi ein spanande middagsbuffet med lokale smakar. Strikkepub etter middagen.

SØNDAG 19. FEBRUAR

Frokost 07.30 – 09.30. Kurs frå 10 - 12.30. Lunsj klokka 12.30. Menyen er ei god kjøtsupe med byggryn frå Skjåk, godt brød og dessert.

PRISAR PÅ OVERNATTING OG MÅLTID

Pris for rom inkludert alle måltid kr. 2790,- per person i dobbeltrom og kr. 3090,- per person i enkeltrom for heile helga. Da er treretters middag fredag og laurdag kveld og frokost og lunsj laurdag og søndag inkludert i prisen. Det er dusj og toalett og oppreidde senger på romma. Kurs og utstyr kjem i tillegg.

Prisar for deg som vil vera med berre deler av helga eller som vil leige hytte i staden for å bu i rom inne på hovudbygningen: Middag kr. 480,- per person, lunsj kr. 270,- per person, frokost kr. 195,- per person. Rom/frokost kr. 880,- per person per natt i dobbeltrom og kr. 1280,- per person i enkeltrom. Rom/pensjon kr. 1395,- per person per natt i dobbeltrom og kr. 1545,- per person i enkeltrom. I pensjonsprisen er rommet, treretters middag, lunsj og frokost inkludert i prisen.

PÅMELDING

Påmelding til Bessheim Fjellstue både for kurs, måltid og overnatting. Dersom du ikkje vil bestille «full pakke» heile helga, er det viktig at du seier i frå om kva for måltid du vil vera med på. Betaler for kursa gjer du på Bessheim. Spørsmål om kursa sender du til ase.sandbu-gard@hotmail.com

Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER



www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13